



Kjell Hvesser  
Engelsrud Terrasse 51

1385 ASKER

### Delegert sak nr. 17/121

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
GRETEBR	2016/1948	2422/2017	K01	23.01.2017

---

## 161/14 - Svar på søknad om løyve til hytter som ligg meir enn 2,5 km frå veg

**Vedlegg:** Løyve

### Dokument i saka:

- Søknad 07.01.2017
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119*

### Bakgrunn:

Kjell Hvesser har 07.01.2017 søkt om **hytteløyve sone 1** til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte. Søkjar ynskjer å nytte seg av trasé frå **Varland** til hytta på **161/14 – Hovden 5**.

Kommunens vedtekte retningslinjer av 15.12.2016 deler hytteløyve inn i to soner. Sone 1 gjeld for hytter som ligg under 1040 moh.

### Vurdering:

Hytta på **161/14 – Hovden 5** ligg meir enn 2,5 km frå brøyta veg i sone 1 og det kan difor gjevast løve til transport av bagasje og utstyr i medhald av §5 bokstav c i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* og kommunens *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova*, vedteke i kommunestyret 15.12.2016.



**Einingsleiar sitt vedtak:**

Kjell Hvesser sin søknad om løyve til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte av 07.01.2017 blir innvilga. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet gjeld for fire år om gongen frå 23.01.2017. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet gjeld for éin snøskuter.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseen frå **Varland** til hytta på **161/14 – Hovden 5** vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Toril Nicolaisen /s/  
Næringssjef

Grete Brårmo  
konsulent

Kopi til:

Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Telemark politidistrikt	Postboks 47	3701	Skien



## Hytteløyve sone 1

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav c

### LØYVE TIL SNØSKUTERTRANSPORT AV UTSTYR OG BAGASJE FRÅ BILVEG TIL HYTTE

#### Løyvet gjeld for:

Kjell Hvesser, Engelsrud Terrasse 51, 1385 ASKER

Trasé som skal nyttast er **Varland** til hytta **161/14 – Hovden 5** som er innteikna i kartet.

Løyvet gjeld i fire år frå 23.01.2017.

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

**Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.**

#### Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for éin snøskuter
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv

